

ÅRBOK FOR KARMSUND

HAUGESUND MUSEUM

ÅRSHEFTE 1951 — 1955

MUSEUMS- OG HISTORIELAGET FOR HAUGESUND OG BYGDENE
OG
SAMARBEIDSNEMNDA FOR BYGDE- OG BYBØKER I KARMSUND
1956

FORORD

Årbok for Karmsund er eit framhald på eit utvida grunnlag av dei årshefte som med års mellomrom er utgjevne av Museums- og historielaget for Haugesund og bygdene, det fjerde i rekkja. Sidan siste årshefte kom ut i 1950, er det kome til ein ny lokalhistorisk samskipnad, *Samarbeidsnemnda for bygde- og bybøker i Karmsund*, som har nær tilknytning til museums- og historielaget og er i røynda sprungen ut frå det.

Då dette skriftet skulle planleggjast, fall det av seg sjølv at det kom i stand eit samarbeid om det mellom museums- og historielaget og den nye samskipnaden for historienemndene i Karmsund, og det var naturleg å gi skriftet eit namn som uttrykkjer dette samarbeidet. I namnet ligg ein lovnad eller eit ynskje om å koma att, og med det nye arbeidsgrunnlaget som nå er skapt, skulle det ikkje vera umogeleg å gjera *Årbok for Karmsund* til eit årvisst forum for det lokalhistoriske og kulturhistoriske arbeidet her i distriktet. Når det gjeld stofftilfang, viste det seg i minsto alt ved dette skriftet at her er rike kjelder å ausa av, og her er mange både kunnige og interesserte lokalhistorikarar i Karmsund.

Skriftstyret rettar ei varm takk til dei som har skrive i årboka og til dei forretningsfolk, bankar og andre som ved sine lysingar har gjort det mogeleg å få henne prenta, og det vonar at dette tiltaket vil bli møtt med så stor samhug og interesse mellom folk i bygd og by at det gir mot til å koma snart att.

SIRA I DEN NORSKE RIKSSOGA

AV NILS ØKLAND

Sira, den vesle øykletten i havet her utanfor, er ikkje ofte nemnd i rikssoga vår. Men ein gong imillom har då likevel sogehendingar gått for seg der ute.

Om ei av desse hendingane er det fortalt i Soga om Håkon Håkonsson. I kap. 246—248 i denne soga får me vita at kong Håkon hadde sendt ein ambassade til pave Innosens IV og bede om at «paven vilde senda ein av kardinalane sine til å gjera kongen den æra å vigja honom under krana.» Eit godt års tid etter kom sendemennene att frå romaferdi. Og då kunde dei fortelja kongen at paven hadde svara ja. «I dette året vilde det koma ein av kardinalane til landet og te kongen den største æra etter pavens bod.»

Kong Håkon vart mykje fegen for dette. Som ein veit var han ikkje fødd i ekteskap, og han tykte difor det vilde styrkja makti og vyrnaden hans om han kunde få den pavelege vigsla.

Han tok straks til med førebuingane til den store høgtidi. Først sa han frå til erkebispem og la på han å beda inn bispane og abbetane og dei fremste prestane til kryningi. Eit same slag bod let kongen sjølv gå ut til lendmennene og hirdmennene og dei fremste bøndene. Så sende han skip vest til England og til andre land til å få seg dei ting «som han tykte skorta mest på i Noreg, så han kunde taka imot kardinalen såleis som han vilde, og som det sømde seg for deim baa.»

Så kom sumaren 1247, kryningssumaren. Det var fargert ver med solskin og rolegt hav. Godveret vilde jamt fylgja kong Håkon. Han hadde då vore konge i «tretti vintrar», seier soga.

Kongen var no i Bjørgvin og hadde samla kring seg mange gode og vituge menn, og han samrødde seg med dei om korleis han skulde taka imot kardinalen på beste og sømelegaste måten. Dei onna mykje på med førebuingane til kryningi i kongsgarden den føresumaren.

Men kardinalen, Wiljam (eller Wilhjalm) av Sabina heitte han,

hadde teke tidleg ut frå Roma og kom til England om våren. Her vart han motteken med stor heider av englandskongen, kong Heinrich. Soga fortel at englandsmennene ovundast mykje på nordmanakongen og nordmennene som fekk så stor ære av paven. Dei freista jamvel å telja kardinalen frå å fara til Noreg. Dei sa at han først laut fara over eit stort og fårlegt hav, og kom han velberga over det, so vilde han møte eit «illhardt» folk som berre vilde gjeva han liten heider.

Men dei skræmde ikkje kardinal Wiljam. Han sette ut frå England og stemnde mot Noreg — i blankt sumarsver, etter som det ser ut for. Og så fortel soga:

«Wilhjalm kardinal kom utanfrå til Noreg Botolvsvokedagen (17. juni) ved ei øy som heiter *Sira*, og sende menn føre seg til å gjeva kongen vitring om koma si. Men det var mesta i ein gong at sendemennene og kardinalen kom til kongen; han kom siglande straks etter deim inn etter Vågen, og det var då mykje seint på dagen.»

For dei fiskarane som då truleg budde på *Sira* må det ha vore ei eventyrleg oppleving å sjå denne store staselege skuta som kom til dei. Det er vel rimeleg at ho ankra opp på ein av vågane, så kardinalen kunde få tak i folk til å senda til kongen. Og soga om denne sjeldsynte hendingi gav truleg emne til mange dryftingar millom folket på den einslege øyi. Det vart eit minne som øyfolket levde lenge på.

* * *

Om lag 650 år etter at kardinalen vitja *Sira*, fortalde los Bertel Helgesen meg denne segni: «Den første kristne presten som kom til Noreg, tok først i land her på *Sira*. Han kom på ei skute og la seg for anker på Nordvikvågen. Den gongen budde det 12 fiskarhuslydar på *Sira*.»

Eg var berre ungguten då han fortalde meg dette, og eg kom ikkje då på å spørja han kor han hadde segni frå. Det kunde vel vera i 1897 eg fekk høyra henne.

Mange år seinare skreiv eg segni ned og sende henne til professor Knut Liestøl. Samstundes spurde eg professoren om det kunde vera tenkjande at segni kunde ha noko slag samanheng med kardinal Wiljam si gjesting på *Sira*. Diverre har eg ikkje professoren sitt svar her, men i stutt mål sagt svara han at eit folkeminne godt kunde ha levt på *Sira* frå 1247 til 1897, men det som gjorde segni tvilsam

for han, var at «den første kristne presten» går att i så mange vandresegner på ymse kanter av landet. Difor er desse segnene så lite å lita på.

Og då er det fulla ikkje råd å få nokor vissa om anten segni frå Sira er eit eldgamalt minne om kardinal Wiljam eller ho berre er ei farande segn utan historisk verde.

REPRESENTANTSKAPSMØTE 1956

i Samarbeidsnemnda for bygde- og bybøker i Karmsund vart halde i Haugesund den 14. april. Det møtte utsendingar frå Akra, Avaldsnes, Haugesund, Skåre, Skudenes, Skudeneshavn, Skjold, Torvastad, Tysvær og Vats. Representantskapet godkjende framlegg frå styret om å halda fram med registrering av kjeldestoff i Riksarkivet og Statsarkivet. Til kommunestyra og bygde- og byboknemndene sende møtet ei fråsegn med denne konklusjonen:

1. I boknemndene i kommunane må vera dyktige folk som er interesserte i arbeidet. Det kan vera både praktisk og nyttig at ordføraren er med i nemnda.
2. Nemnda må gå aktivt inn for arbeidet, fyrst og fremst ved innsamling av tilfang.
3. Føresetnaden bør vera at nemndene mest mogeleg gjer arbeidet dei sjølv kan vinna på med innsamling av tilfang o.l. gratis (beinveges utgifter må sjølvstakt dekkast). Ein må likevel rekna med noko legehjelp også ved innsamling av stoff i bygdene, og allvisst vert det bruk for pengar når arbeidet er så langt kome at boka skal skrivast og prentast.
4. Skal arbeidet kunna gå rasjonelt, *må turvande pengar ytast på kommunebudsjettet*, og det bør takast med ein høveleg sum kvart år.
5. Boknemndene bør stå i nøgje kontakt med samarbeidsnemnda, og det vil frå vår sida verta ytt den hjelp som det er høve til.
6. Kommunane bør i samarbeid med boknemnda eller ved ei særskilt arkivnemnd få dei kommunale arkiv i orden.